

# Vekeplan 3. klasse

Veke 37

Ordenselev:  
Oda



Emne og mål:

Sosialt mål:	Eg kjem fort på plass i timen og teier stilt og går roleg når eg skal flytte meg i klasserommet.
Norsk:	Emne: Rettskriving og stavskrift. Mål: Eg kan lage setningar med punktum eller spørjeteikn og stor bokstav. Eg kan skrive øveorda rett.
Matematikk:	Emne: Fleirsifra tal Mål: Eg kan lage eit tresifra tal og forklare kva plassverdi kvart siffer har .
Engelsk:	Emne: Numbers. Mål: Eg kjenner tala mellom 13-20 og kan seie dei på engelsk+ lese dei når dei står med bokstavar.
Samfunn:	Emne: Valet Mål: Eg veit kvifor me har kommuneval. Eg veit namnet på minst tre politiske parti.
KRLE:	Emne: Rett og gale Mål: Eg veit kva det vil seie å stele.
Natur:	Emne: Myldrande liv MÅL: Eg kan forklare kva mangfald i naturen vil seie.
K & H:	Emne: Fargar Mål: Eg kan fortelje kva ein <i>komplimentærfarge</i> er.
Musikk:	Vennskap: songar og leiker.

Kjære foreldre!

Me hadde mange økter med fine samtalar rundt vennskap og inkludering i klassen og i lag med 4.kl. då me hadde vennsapsveke. Me tok utgangspunkt i filmene som høyrer til 'Vennsapsveka' på NRK Super. Elevane hadde så mange gode og reflekterte tankar og idéar til korleis ein kunne hjelpe andre til å få det betre – veldig kjekt! ☺ Nokre fortalde og at dei hadde sett filmene før- og det kan absolutt anbefalast å sjå filmene i lag heime endå ein gong.

BlimE-dansen på fredag var også ei fin oppleving. Det er alltid rørende og flott å vere ein del av eit stort felleskap. Teksten på årets song er jo SÅ fin og aktuell for alle! Gå inn og sjå på nettet – lenke ligg på heimesida ☺

Det har vore kjekt å få ta i bruk nettbretta. Elevane får til mykje, og lærer fort, så dette er eit kjekk arbeidsreiskap. Snakk gjerne litt med dei heime om nettbruk-kva som er bra å bruke internett og læringsbrettet til og i kva for situasjonar det kan vere dumt. Det har m.a. vore episodar på nokre av bussane med filming/fotografering av andre- og det er jo ikkje bra. Me har sagt at læringsbretta skal liggje i sekken frå dei går heimefrå til dei skal brukast i klasserommet.

Me byter på timar og tar samfunnsfag i staden for KRLE på valdagen. Me skal m.a. snakke om kva eit kommuneval er og kvifor me har det. PS! Eg minner og om at de ser på vekeleksa.

Ha ei glederik veke!

Helsing Anny

Heimearbeid:

Namn:

<u>Til tysdag:</u>	<p><b>Lesing:</b> Leseboka s.16,17 . Øv tre gonger-2 av dei for ein vaksen. Fortel ei molbuhistorie med eigne ord til familien din.</p> <p><b>Skriving:</b> Forklar kva me meiner med ordet DEMOKRATI og kva dette begrepet har med måndag 09.09.2019 å gjere (bruk nettbrettet).</p> <p><b>Rekning:</b> Oppgåveboka s. 13 og 15.)+ øv deg på å telje ned frå100 -0.og Dersom dette går kjapt, kan du jobbe på læringsbrettet: Multi 3, kapittel 2, D</p>
<u>Til onsdag:</u>	<p><b>Lesing:</b> Leseboka s.18. Øv tre gonger-2 av dei for ein vaksen.</p> <p><b>Samfunn:</b> Finn ut kva for to parti som gjorde det best i valet i Suldal. Finn ut kven frå Erfjord som kom inn i kommunestyret.</p> <p><b>Engelsk:</b> Workbook s.3</p> <p><b>Rekning:</b> Jobb minst 5 min. på nettet med Multi 3, kap.2, B</p>
<u>Til torsdag:</u>	<p><b>Lesing:</b> Leseboka s. 19 og 22 Øv 3 gonger-2 av dei for ein vaksen.</p> <p><b>Finskrift:</b> Skriv desse øveorda 3 gonger+ lag 3 setningar der du brukar dei: <b>skulen, skulle, gjekk, skip</b></p> <p><b>Rekning:</b> Avtal med Anny</p>
<u>Til fredag:</u>	<p><b>Lesing:</b> Les 10 min i låneboka di.</p> <p>Ta bilete av boka di og skriv 3 setningar om innhaldet (Explain Everything). Vel A ( når du skal velje kva «handa» skal gjere).</p> <p><b>Rekning:</b> Avtal med Anny</p>

<u>Vekelekse:</u>	<ol style="list-style-type: none"><li>1) Rydd rommet ditt! Etterpå: ta bilde av det nyridda rommet med brettet ditt ☺</li><li>2) Gjer ei STOR glede for mor eller far heime. Ta bilde eller skriv kva du gjorde ☺</li></ol>
-------------------	---

**Kommentarar frå heimen:**

